

Mullaløft

Mullaløft – Shabana Rehman

☛ **Shabana Rehman** (1976–), gift **Shabana Rehman Gaarder**, er ei utradisjonell røyst i den norske samfunnsdebatten. Som norsk-pakistansk kvinne, stand-up-komikar, performance-artist, spaltist, føredragshaldar og debattant har ho eit blikk på samtida som ofte skaper debatt. Da ho under eit ope debattmøte løfta mulla Krekar, strekte ho under kven ho er – ei kvinne som med alle middel kjempar mot fordommar, dogmatisme og fundamentalisme.

☛ Mullaløftet til Rehman fekk delte reaksjonar – for kor går grensa mellom handlingsfridom og ærekrenking? Med kva middel kan ein kjempe for ytringsfridom og open dialog? Med kva metodar kan ein jobbe for menneskerettar – for alle?



Foto:
Tom-Egil
Jensen /
VG /
Scanpix

☛ Shabana Rehman vart fødd i Pakistan, men kom til Noreg som eittåring. Ho har vakse opp på Holmlia i Oslo. Rehman har jobba som fast spaltist i Dagbladet og Aftenposten, og ho har laga – og oppført – ulike show på norske og amerikanske scener. Dei siste åra har ho pendla mellom Oslo og Brooklyn, New York. Både som skribent og komikar er ho alltid trufast i kampen *for* ytringsfridom og menneskerettar, *mot* framandfrykt, homofobi og kvinneskimming. Ho har ei eiga evne til å leike med fordommar – i forsøket på å bryte ned tabu og flytte grenser.

Bunad og burka

☛ I showet *Shabana går på ski over Grønland* (2002) leika Rehman med fordommar og særpreg både i den urnorske og den tradisjonelt pakistanske kulturen. Sputnik og Bollywood, dugnad og jomfruhinner var tema i ei førestilling som sparka i mange ulike retningar. Showet fekk gode kritikkar, og Rehman fekk eit stort publikum. *For konge og fedreland – Shabana Rehman i nasjonens tjeneste* (2009) var eit meir personleg show. Tema var framleis fordommar, integrering og menneskerettar, men denne gongen i ei meir intim og biografisk innpakning. Det er Rehmans eige liv og erfaringar som rammar inn førestillinga. Rehman har elles skrive manus, saman med Linn Skåber, til førestillinga *Vi menn* (2008). Her er det mannen – som ikon, klisjé og individ – dei to komikarane utforskar i ei humoristisk førestilling.



Shabana Rehman klar for showet «Shabana går på ski over Grønland». Foto: Åshild Barkved Støylen / VG / Scanpix

Om makt og avmakt – stoltheit og fordømmar

☛ *Nå* (2002) og *Mullaløft* (2004) er samlingar med avisartiklar skrivne av Rehman. Tekstane tek for seg dagsaktuelle tema som ein debatt om tv-serien *Borettslaget*, ei melding av ei kunstutstilling og debatten om Åsne Seierstads bok *Bokhandleren i Kabul*. Rehman drøftar, provoserer og kårerer også over temaa ho alltid er trufast mot. Ho skriv om norske og danske framandfiendtlege politiske parti, ho kritiserer misforståtte forsøk på integrering, og ho skriv om seksualitet på måtar som kan provosere både Ola og Ali.

☛ I 2009 gav Shabana Rehman ut ei sjølvbiografisk bok, *Blåveis – min vei ut av volden*. På ein personleg måte tek ho her opp eit skambelagt tema: vald og mishandling i nær familie. Rehman skildrar



Shabana Rehman fekk Fritt Ord-prisen i 2002 saman med politikaren Aslam Ahsan.

Foto: Linda Næsfeldt / VG / Scanpix

korleis ho som tenåring levde i eit forhold prega av slag og maktmisbruk. Ho skildrar angsten og skamkjensla ho hadde som offer, og korleis ho kom ut av dette destruktive forholdet med stoltheita intakt. Ho skriv også om seksuelle overgrep og abort, og nok ein gong skapte ho debatt på grunn av det opne frimodet sitt.

Berre iført språkdrakta – og eit påmåla flagg



*Shabana Rehman viser rumpa si under opninga av
Filmfestivalen i Haugesund i 2005.
Foto: Øyvind Sætre / VG / Scanpix*

☞ Gjennom ulike stunts og meir spontane performance-hendingar har Rehman gjort seg godt synleg i norsk samfunnsliv. Ho har møtt til intervju berre «ikledd» det norske flagget måla over kroppen. Ho har kyssa dåverande kulturminister **Valgerd Svarstad Haugland** på munnen – og

viste fram rumpa si bar under opninga av Filmfestivalen i Haugesund i 2005. Og ho har late seg avbilde sitjande på ein typisk norsk utedo.

☞ I ein artikkel i Morgenbladet kommenterer Rehman flaggstuntet slik: «Avkledd, men påkledd min verdighet. Det er typisk 00-tallet for meg. Frigjøring. Å kreve seksuell og sosial frihet uansett hvilken bakgrunn du har. Det var hyklersk å snakke om integrering når samfunnsdebatten ikke inkluderte alle som likeverdige med de samme grunnleggende menneskerettigheter.» Artikkelen var del av ei artikkelrekkje om kva som kjenneteikna tiåret 00-talet. Kanskje er det slik at ein må ty til nye og uvande middel i dag – for å bli sett, skape debatt – og vonleg bryte nokre tabu og flytte nokre grenser. I kampen for fridom må nye middel takast i bruk.

Å løfte ein mulla – eller sparke i mange retningar

☛ *Mullaløft* (2004) er ei samling med avisartiklar skrivne for Dagbladet i perioden 2002 til 2004. Ein del av tekstane tek utgangspunkt i heilt dagsaktuelle saker, og i ettertida er derfor utbyttet av å lese dei noko varierende. Når Rehman refererer til ein kronikk i Dagbladet eller eit innslag i Dagsavisen, har ikkje lesaren alltid tilgang til den konteksten Rehman tek utgangspunkt i. Men mange av tekstane står på egne bein, også den dag i dag. Og temaa hennar er kjende. Som vanleg vil ho utfordre haldningar og bryte ned tabu.

☛ I «Sladrekjerringa frå Kabul» kastar ho seg inn i den da heite debatten om den omstridde boka av Åsne Seierstad – *Bokhandleren i Kabul*. I «'Du burde holdt kjeft, Fadime'» kritiserer ho sosialantropologen

Unni Wikans tilnærming til fenomenet æresdrap i boka *For ærens skyld*, og i «Latterens Jihad» kommenterer ho mullaløftet – og dei ulike reaksjonane løftet fekk. Men *under* den konkrete situasjonen, den konteksten Rehman skriv ut frå eller innanfor, kan ein sjå at det er dei same grunnleggjande temaa forfattaren tek opp: Ho kjempar mot framandfrykt, rasisme og homofobi – for likestilling og likeverd.



Advokat Brynjar Meling granskar tv-opptaka der Shabana Rehman løftar Mulla Krekar. Foto: Paul Sigve Amundsen / VG / Scanpix

Gå ut og hiss opp verda

☞ Språkleg har Shabana Rehman utvikla ein eigen stil, med utgangspunkt i typiske trekk frå stand-up og kåseri. Ho skriv *personleg* og direkte – ofte med utgangspunkt i eige liv og egne erfaringar, som norsk-pakistansk kvinne og komikar: «Mens Europa flørter med Hitlers mustasjer, drar jeg til Køben for å snakke

om mine.» Gjennom denne *samanlikninga* mellom

Hitlers mustasjar og sine egne leikar ho med både fenomenet framandfrykt, veksende rasisme og pakistansk – og kanskje norsk – tabu: kroppshår på kvinner.

☞ Ho boltrar seg med morosame eller krasse samanlikningar og uvande *samanstillingar*. Under overskrifta «Deadline» samanliknar ho døden med journalistens



Frå showet «Shabana går på ski over Grønland».

Foto: Annemor Larsen / VG / Scanpix

deadline, og ordet dødsdom får ein annan klang: «Vi er alle dødsdømte. Da jeg innså det, sluttet jeg å være redd for døden.» Ho bruker *munnlege uttrykk* og *slang* som «sladrekjerringa», «sommersexy», «dra til helvete» og «driter på». Og ho *leikar med ord* og skaper nye uttrykk: «Skrekk og gud» og «Norgistan».

☞ Andre typiske kåseritrekk Rehman nyttar, er *overdrivingar*, *underdrivingar*

og *generaliseringar*: I ein framtidsvisjon om Noreg, og som eit sleivspark til dagens presse, skriv ho: «Dagen starter med at samtlige norske aviser melder om at det også denne dagen hersker fred, frihet og harmoni i landet.» Og i eit forsvar for kosthaldsråda til Fedon Lindberg skriv ho: «Det er sultepidemi i Afrika. Resten av oss er feitinger.»

☞ Ofte vender ho seg personleg og direkte til lesaren. Ho bruker «jeg», «meg» og «mitt» – «du», «vi», og «vårt». «Jeg er også opptatt av helbredelse», skriv ho – i eit kritisk innlegg mot nok ei utsegn om at homofili kan kurerast. Ho argumenterer med at ho trur på «helbredelse» – av «legningsfobi og sneversynthet». Og i ein tekst om kroppsfiksering og skjønnheitshysteri skriv ho: «Du tror Amerikas menn bare tenker på terrorkrigen. Feil. De tenker på magen sin.»

☞ Tekstane er i stor grad prega av haldningane, tankane og kjenslene til forfattaren. Trass i humoren og ironien er det lett å få tak i Rehmans personlege meiningar. Ho set eit personleg avtrykk i alle tekstane sine, alltid lojal mot dei grunnleggjande verdiane sine. I forordet skriv ho: «Les denne boken, del mine emosjoner; bli glad, forbannet og gå ut og hiss opp verden. Til fred.»



